Statens vegvesen

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Fylkesutvalet
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Susanne Stølheim Aasen -	2015/097005-006		30.09.2015

Oversending av klage på tilseg på utvida bruk av eksisternde avkøyrsel fv. 243 - gnr. 4 bnr. 1 - Aurland kommune

Geir Aas har den 04.08.2015 søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. Det vart den 13.08.2015 gitt tilsegn til utvida bruk, på vilkår av at avkøyrsla vart opparbeidd i samsvar med vedlagde situasjonsplan og "Krav til utforming av avkøyrsle" og at avkøyrsla måtte utbetrast i samsvar med vedlagde typeteikning. Geir Aas har i skriv mottatt 09.09.2015 klaga på vedtaket.

Alle dokumenta i saka ligg vedlagt.

Geir Aas søkjer etter utvida bruka av avkøyrsle i forbindelse med ein søknad om fritidsbustad. I den samanheng treng eigedommen godkjend tilkomst og det vart sendt søknad om utvida bruk. Statens vegvesen var på synfaring på staden den 12.08.2015 der utforminga av avkøyrsla og frisiktlinjer vart oppmålt. Oppmålinga viste at frisikt i avkøyrsla er tilfredsstillande dersom vegetasjon i frisikt sonene vert rydda, men at utforminga ikkje er tilfredsstillande slik den er i dag og må utbetrast.

Det er gjeve tilsegn til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på vilkår om at avkøyrsla vert utbetra slik at den tilfredsstiller dagens krav. I vedtaket av 13.08.2015 heiter det: «*Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt foran og i samsvar med vedlagde situasjonsplan og "Krav til utforming av avkøyrsle". Avkøyrsla må utbetrast i samsvar med vedlagde typeteikning*».

På bakgrunn av klaga til Geir Aas har vi gått gjennom saka på nytt. Vi gir ikkje løyve til utvida bruk utan at avkøyrsla er tilfredstillande opparbeidd. Dagens avkøyrsle er ikkje tilfredstillande opparbeidd, det er ikkje høve til å snu på eigen eigedom, svingradius er ikkje i samsvar med krava vi stiller.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i klagen, som ikkje allereie er vurdert i denne saka, og Vegavdeling Sogn og Fjordane finn det difor rett å oppretthalda vedtaket av 13.08.2015 og oversender klagen til Fylkesutvalet for handsaming.

Veg- og transportavdelinga
Med helsing

Johannes Reinen
for
Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør

Tore Bergundhaugen

6 vedlegg

Kopi: Aurland kommune, Vangen 1 5745 AURLAND
Geir Aas, Nedre Fossheim 31 A, 6800 FØRDE